




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Stranda vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2022-23



# Innhaldsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkellopplysningar om skolen</b>	<b>5</b>
2.1 Organisasjonen	5
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	6
2.3 Inntak vgl - føresetnader	6
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>8</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	8
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	9
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	10
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>11</b>
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	11
4.2 Karaktersnitt	13
4.3 Fråvær	14
4.5 Overgangar	16
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>17</b>

## 1. Rektor har ordet



Stranda vidaregåande skule hadde fram til og med skuleåret 2021-2022 utdanningstilbod innan fire av utdanningsprogramma i Kunnskapsløftet. Skulen har som mål å vere det opplagte valet for indre Sunnmøre, og ei bredde i utdanningstilboden og kvalitet på opplæringa er to sentrale føresetnader for at ungdommane i regionen både ønskjer og har høve til å velje nærskulen sin. Skulen hadde 116 elevar skuleåret 2022/2023, og 29 godt kvalifiserte tilsette med eit sterkt engasjement for skulen og elevane.

Vi har dei siste åra hatt fokus på å skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø gjennom gode lærer-elev relasjonar og gode elev-elev relasjonar. Målet for utviklingsarbeidet på skulen er at elevane skal lære meir, både gjennom faglig læring og sosial læring. Vi har jobba mykje det siste året med tett oppfølging frå kontaktlærar, og vurderingspraksis og vurdering for læring frå faglærar i dei ulike faga. I tillegg arbeider rådgjevar aktivt med å gi elevane våre karriererettleiing gjennom oppfølging og karriereverktøyet WIE og dette følgjer kontaktlærarane opp med elevane.

Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vi tilbyr er Helse- og oppvekst, Restaurant og matfag. Frå skuleåret 2022-2023 tilbyr vi i tillegg Vg1 Naturbruk, det var gode

søkjartal til dette tilbodet og vi starta opp med ei klasse på 14 elevar. Gjennom eit nært og godt samarbeid med lokalt næringsliv og kommunane i regionen har elevane på Vg1 i dei yrkesfaglege studieprogramma våre mykje relevant opplæring ute i ulike bedrifter. Dette gir eit godt grunnlag for val av programområde på Vg2 og val av lærebodrift som lærling.

Dei studieførebuande utdanningsprogramma vi tilbyr er idrettsfag og studiespesialisering. Søkinga til idrettsfag har jamt over vore god, men søkera til studiespesialisering har vore noko låg dei to siste åra, men skuleåret 2022–2023 auka søkera betrakteleg. Frå hausten 2022 tilbyr vi programfag toppidrett e-sport til elevane på studiespesialisering og idrett. Ein idrett som er i vekst, der vi som skule ser verdien av å lære ungdom å spele hensiktsmessig og utvikle ferdigheter som: digital kompetanse, samarbeidsevner, strategisk tenking og taktikk, problemløysing, kommunikasjon og språk, stressmestring, målretta innsats og uthald, kreativitet og innovasjon. Det var 9 elevar som valde toppidrett e-sport, 7 går studiespesialisering og 2 går idrettsfag.

Vi har eit breitt utdanningstilbod innanfor toppidrett, breiddeidrett og friluftsliv på idrettsfag, og vi kan gi tilpassa og individuelt tilrettelagt undervisning innanfor ein spesifikk idrett. Vi har eit godt utvikla samarbeid med Vestborg vidaregåande skule, som ligg 500 m ned i gata, innanfor språkfaga tysk og spansk, og ei rekke programfag på studiespesialisering, dette gjer at vi kan tilby eit bredt spekter av programfag på studiespesialisering.


Skulen vår ligg i eit distrikt med mykje internasjonalt reiseliv og eksport retta næringsliv. Vi gir elevane på alle utdanningsprogram moglegheiter til å utvikle relevant språkleg og kulturell kompetanse gjennom faga på skulen og gjennom ulike internasjonaliserings prosjekter. Dei siste 10 åra har vi hatt eit samarbeid med ein

skule i Nederland og etter kvart ein skule i Spania, om eit utvekslingsprogram der vi besøker dei, og dei kjem hit på besøk for å oppleve vinteren og verdsarvfjorden Geiranger. Våren 2023 besøkte 4 lærarar Kalmar i Sverige for å begynne planlegginga med å ta opp igjen internasjonaliseringen prosjektet for Restaurant og matfag og Helse og oppvekstfag.

## 2. Nøkkellopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	21
Tal på årsverk i leiarstillingar	3 +1 merkantil konsulent
Tal på årsverk andre tilsette	3 assistenter +1 kantinemedarbeidar



Skulen har tre tilsette i leiinga, ein merkantil konsulent og ein vaktmeister (frå bygg og eigedomsavdelinga). Skuleåret 2022–2023 blei den merkantile ressursen redusert med ei 50 % stilling. Det faglege ansvaret og personalansvaret for lærarane er fordelt mellom leiinga slik organisasjonskartet ovanfor viser. Fagseksjonane språk, norsk og realfag har eigne fagkoordinatorar.

I det pedagogiske personalet var det 6 lektorar, 12 adjunktar, 3 faglærarar og 3 fagarbeidrarar/elevassistentar. Skulen har ein medarbeidar tilsett i kantina i 80 % stilling. Kjønnsfordelinga i personalet var 17 kvinner (59 %) og 12 (41 %) menn.

## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Idrettsfag	14	18	24	56
Studiespesialisering	21	7	4	32
Restaurant og matfag	7			7
Helse og oppvekstfag	5	2		7
Naturbruk	14			14
Total				<b>116</b>

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	7
---	---

Elevtalet gjekk litt ned i 2022/2023. Skulen hadde 116 elevar, fordelt på dei 5 studieprogramma (Qlik sense opererer med eit tal på 99 elevar i skuleåret 2022/2023, dette meiner vi er feil). Vi hadde to elevar på Vg2 Helse og oppvekstfag, da vi ga dei eit tilbod sammen med Vg1 elevane, og dei hadde mykje av YFF opplæringa ute i bedrift. Vi hadde få elevar på Vg2 og Vg3 studiespesialisering, men dette tok seg opp igjen på Vg1. Naturbruk var nytt studietilbod frå dette året, det hadde vi 14 plassar, og starta opp med ei ful klasse. Idrettsfag har hatt jamn søking i fleire år, men gjekk litt ned skuleåret 2022/2023.

## 2.3 Inntak vg1 - føresetnader

### 2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	4,3%	2,0%	2,9%

0 - 25	0,9%	0,0%	1,3%
25 - 30	2,6%	2,0%	3,8%
30 - 35	3,4%	7,1%	9,6%
35 - 40	13,7%	18,2%	15,2%
40 - 45	29,1%	23,2%	22,4%
45 - 50	23,9%	26,3%	23,3%
Over 50	22,2%	21,2%	21,4%

### 2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2018–19	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Stranda vgs	43,3	43,2	43,0	44,2	44,0
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

### 2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Figuren viser inntakspoeng frå grunnskulen ved inntak til Vg1 på Stranda vgs skuleåret 2022/2023, og er gjennomsnittleg tall for heile skulen. Gjennomsnittleg poengsum har lege forholdsvis stabilt dei siste åra, og ligg litt over snittet for fylket. Tala visar at skilnaden er størst blant dei med låg og høg poengsum frå grunnskulen.

Om vi tek omsyn til elevane sitt utgangspunkt når dei startar på opplæringa (jf. kommentar om karakterpoengsum frå grunnskulen) vurderer vi det likevel slik at elevane sitt læringsutbytte stort sett er på linje med resultatet for resten av fylket.

# **3. Læringsmiljø**

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

## **3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga**

Elevundersøkinga blei gjennomført hausten 2022 i veke 49 og 50. Skulen fekk eit resultat om lag som året før, med ein liten framgang på nokon indeksar og ein liten tilbakegang på andre indeksar. Det er ein sterk samanheng mellom fleire av indeksane i undersøkinga, spesielt læringskultur, meistring og motivasjon. Elevane opplever litt betre meistring og motivasjon enn tidlegare.

Elevane si oppleveling av tilrettelegging for elevdemokrati og i kva grad dei har medverknad har utvikla seg positivt dei siste åra. Dette gjeld både medverknad gjennom elevrådet og i dialogen med lærarane om retningslinjer for eit godt læringsmiljø, for arbeidsmetodar i faga og vurdering for læring. Indeksane for elevdemokrati og medverknad og vurdering for læring har gått litt ned frå 2021/2022, og vi vil fortsette å arbeide for elevdemokrati og elevmedverknad gjennom skuleutvikling for å bli betre på dette. Skulen legg til rette for opplæring av medlemmane i elevrådet og i elevrådsstyret i godt samarbeid med fylkeskommunen sitt elev- og lærlingombod.

Dei aller fleste elevane trivst godt på skulen. Vi har ein eigen plan for arbeidet med å fremje eit trygt og godt læringsmiljø. Som metodikk for å fremje eit inkluderande og godt læringsmiljø brukar vi VIP makkerskap med makkerpar og makkergrupper, og elevane er involvert i utarbeiding av retningslinjer for eit godt læringsmiljø. Særskilt sårbare elevar blir følgt opp individuelt av kontaktlærar i samarbeid med ressursteam og helsejukepleiar

## 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	1
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Etablering av innsatsteam mot mobbing har gitt skulen god kompetanse og verktøy i arbeidet med å kartlegge og følgje opp saker med bakgrunn i aktivitetsplikta.

Skuleåret 2022-2023 laga skulen ein skriftleg tiltaksplan med bakgrunn i aktivitetsplikta jf. § 9A-4 i opplæringslova.

Gjennom arbeidet med LK 2020 og overordna del av læreplanen har vi lagt vekt på at læringsmiljøet først og fremst blir utvikla gjennom det faglege arbeidet. Vi har utvikle eit rammeverk for elevane si utvikling av sosial og emosjonell kompetanse, kompetansar som elevane først og fremst utviklar gjennom læringsarbeidet i faga. Vi legg til rette for at det i alle undervisningsgrupper blir brukt læringspartnar og læringsgrupper. Dette er det kontaktlærar eller faglærar som styrer, og ein bytter partnar/grupper etter 3-4 veker.

Ein trygg og god start er sentralt i arbeidet med å utvikle eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø. Vi startar skuleåret for Vg1 elevane med «Camp Fjellsætra» som er to dagar med praktiske fagaktivitetar og friluftslivsaktivitetar. Her legg vi til rette for relasjonsbygging i og på tvers av Vg1 klassane.

Vi er ein liten vidaregåande skule og dette gjer at vi er ein oversikteleg organisasjon og har eit oversikteleg læringsmiljø. Elevane er saman med kontaktlærar med på å utarbeide retningslinjer for læringsmiljøet i dei ulike klassane. Både elevar og lærarar

er flinke til å melde frå dersom dei opplev at nokon ikkje har det bra på skulen. Det gjer at vi kan løyse utfordringar i læringsmiljøet raskt og på så lågt nivå som mogleg.

### **3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad**

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skolemiljøutval	4
Møter i skoleutval	4

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	ja

Skolemiljøfokus er sentralt i opplæringa og involveringa av elevrådet. Både elevrådet og skolemiljøutval får informasjon om læringsmiljøet og skolemiljøet gjennom undervisningsevalueringa og elevundersøkinga, og blir invitert til å bidra med vurdering og framlegg til handlingsplan med tiltak. Alle elevar på skulen får informasjon om, og moglegheit til å svare på desse undersøkingane, og svarprosenten er høg.

# 4. Skoleårsresultat

## 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022–23, prosent	92,9%
--	-------

### 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Helse og oppvekstfag	60 %	100 %		71,4 %
Idrettsfag	84,6 %	100 %	100 %	96,2 %
Restaurant og matfag	83,3 %	100 %		85,7%
Studiespesialisering	93,8 %	-	66,7 %	89,5 %
Naturbruk	100 %			100 %
Total				

Tall for Vg2 Studiespesialisering manglar

### 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018–19	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Stranda vgs	91,1 %	94,1 %	92,9 %	88,9 %	92,9%
Fylket	87,9%	91,2%	91,4%	89,6%	87,9%

### 4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har ei målsetting om gjennomføring på minst 90 % på alle utdanningsprogram og trinn. I 2022/2023 hadde avgangselevane ei gjennomføring på 92,9 % og vi er godt nøgde med dette. Det var to elevar i avgangskullet som fekk karakteren ein på eksamen. Desse har rett til ny utsett eller særskilt eksamen (NUS).

Skulen har gode rutinar og tett oppfølging og god praksis med å følgje opp elever som ikkje fullførar og består, slik at dei aller fleste ved bruk av litt lenger tid består vidaregåande opplæring.

## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Idrettsfag	4,30
Studiespesialisering	4,27
Restaurant og matfag	3,86
Helse og oppvekstfag	4,04
Naturbruk	4,40

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018–19	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Stranda vgs	4,08	4,21	4,08	4,08	4,25
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Gjennomsnittleg poengsum fra grunnskulen har lege relativt stabilt dei siste åra, men gjekk litt opp i 2021–2022, og var 1,3 poeng over gjennomsnittleg karakterpoengsum i fylket totalt.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timer. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timer	Totalfråvær, prosent
Totalt	6,1	17,7	5,1 %
Vg1	4,2	11,7	3,5 %
Vg2	7,2	31,3	7,0 %
Vg3	8,9	19,4	6,8 %

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Stranda vgs	6.0%	4,5%	3.7%	3,6%	5,1%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Figuren viser totalfråvær i prosent på Vg1, Vg2 og Vg3 det siste året. Fråvær for dagar og timer er ikkje tilgjengeleg i statistikken.

Tabellen nedst viser at skulen dei siste åra har hatt eit totalfråvær som ligg betydeleg over snittet i fylkeskommunen. Dette har vi ikkje noko god forklaring på anna enn at elevane her fort får ein halv-heil dag fråvær for å kome seg til tannlegen og på køyreopplæring. Vi har ikkje registrert høgare del elevar som ikkje får karakter pga for høgt fråvær. Fråværet skil litt mellom dei ulike klassane våre. Det er høgt på Vg1 HO og Vg2 HO med 8,8 % og 13,9 %, Vg3 Idrett og Vg3 Studiespesialisering ligg noko høgt med 6,8 % og 6,7 %, dei andre klassane ligg under snittet for skulen.

#### 4.4 Elevar som har slutta

##### **4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022–23**

Prosent	Tal
2,0%	2

##### **4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent**

	2018–19	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Stranda vgs	1,8%	0,6%	2,4%	2,6%	2,0%
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

##### **4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse**

Det er få elevar på Stranda vgs som sluttar. Dei få som gjer det sluttar da ofte heilt i starten av eit skuleår, eller dei bytter skule. Nokre få elevar bytter kvart år studieprogramtilbod innafor eigen skule.

## 4.5 Overgangar

I samarbeid med ungdomsskolane og rådgjevarar der legg vi til rette for god informasjon om vidaregåande opplæring og om overgangen til vidaregåande. Dei elevane som er søkt inn med A-skjema og B-skjema invitere vi saman med føresette til møte på våren medan dei går i 10.klasse.

Vi har tett oppfølging av elevane våre gjennom kontaktlærarar, og har eit program for karriererettleiing for alle elevane på alle trinn, der rådgjevar er sterkt involvert. I dette arbeidet brukar vi den digitale løysinga karriereverktøy.no som grunnlag for samtalar mellom elev og kontaktlærar med fokus på karriere. Målet med dette arbeidet er å auke elevane sin motivasjon for læring, og for å legge til rette for gode val av vidare utdanning og yrke.

Gjennom eit nært samarbeid med lokalt næringsliv og ulike bedrifter har yrkesfagselevane mykje relevant praksis i opplæringa, ein dag i veka på Vg1 og to dagar i veka på Vg2. Dette gir eit godt grunnlag for val av programområde på Vg2 og eit val av lærebedrift etter Vg2. Faglærarar og kontaktlærarar lukkast generelt med å rettleie og formidle elevane vidare til opplæring i bedrift som lærlingar. Nokre få elevar har behov for opplæring i bedrift som lærekandidat, her opplever vi det som meir utfordrande å formidle elevane vidare og klare å skaffe ein lærekandidatplass. Dei få elevane som har behov for det, får oppfølging av skulen heile vegen fram til fagbrev.

## 5. Leiing og profesjonsutvikling

Ut frå oppdragsavtala vår med Møre og Romsdal Fylkeskommune og kompetansesjefen har vi utarbeida ein handling/tiltaksplan for skuleutvikling og profesjonsutvikling. I dette arbeidet legg vi vekt på 3 satsingsområde framover knytt til elevmedverknad og aktiv deltaking som fremmer gode læringsprosessar, eit trygt og godt læringsmiljø og tydeleg klasseleiing og leiing av gode læringsprosessar i profesjonsfellesskapet.

Vi har god erfaring med å legge til rette for kompetanseutvikling og vidareutdanning for tilsette. Skuleåret 2022/2023 tok 4 av lærarane vidareutdanning knytt til ordninga kompetanse for kvalitet.

Den viktigaste kompetanseutviklinga skjer i skulekvardagen gjennom praksis, og deling av kunnskapar og ferdigheter. Vi arbeider kontinuerleg for å utvikle profesjonsfellesskapet på skulen, dette inneber å leie og å delta i lærande prosessar som tek utgangspunkt i forsking og erfaring for å utvikle kompetansen til alle tilsette på ein slik måte at det kjem elevane til gode. Skuleåret 2022/2023 vidareførte vi arbeidet med fagfornyinga, der vi har lagt vekt på elevanes læringsprosess og rettleiing for læring, undervegs vurdering og elevane si utvikling av sosial og emosjonell kompetanse.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)